

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	41/2021	Arkiv nr.:	141	Møtedato:	22.10.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Stønad frå fjellkassa. Tilskot til Lom Jeger- og Fiskarforeining.

### Saksutgreiing:

Norges jeger- og fiskerforbund fyller 150 år i år. I samband med jubileumet har det kome forslag frå fjellstyreleiar om at Lom fjellstyre gjev Lom jeger- og fiskarforeing stønad på kr. 5000,-.

Lom jeger- og fiskarforeining er ein god- og viktig samarbeidspartner for Lom fjellstyre. Både forbundet og lokalforeininga arbeider for å formidle kunnskap om jakt og fiske. Dei bidreg med rekruteringsarbeid, tilstelningar og ymse jakt- og fiskestelltiltak. Medlemmene er trufaste brukarar av fjellstyret sine tilbod, og ei viktig kundegruppe for jakt- og fiskekortsalg.

### Opplysningar og merknader:

Reglane for disponering av eventuelt overskot i fjellkassa er gjeve i § 11 i fjellova og seier at fjellstyret ved vedtak avgjer korleis overskotet skal nyttast. Er overskotet i fjellkassa større enn det som trengs til tiltak i allmenningen, kan fjellstyret disponere midlane til næringsutvikling i allmenningsbygdene, og etter samtykke frå departementet (dvs. Statskog SF), til allmennyttige formål i desse bygdene.

For året 2021 er det avsett 200.000 til tilskot frå fjellkassa, 50.000 er avsett til fellesdriftene i Veodalen og i Storådalen. 94 000 er løyvd til andre tiltak så lang i år.

Saka er behandla pr. e-post.

### Vedtak:

Lom fjellstyre løyver kr. 5000,- til Lom Jeger- og Fiskarforeining.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post
- Lom JFF
- Rekneskapsfører